

# Toppidrett skiskyting

Nord Gudbrandsdal vgs avd.  
Hjerleid i samarbeid med  
Dombås IL skiskyttergruppe.



## Mål

Gje elevar høve til å kombinere satsing på toppidrett i skiskyting med studiespesialiserande utdanning i Norddalen.

Legge til rette timeplanar og vise fleksibilitet for å kunne satse på toppidrett.

Skape eit treningsmiljø i samarbeid med skiskyttargruppa på Dombås slik at eleven kan utvikle seg både som idrettsutøvar og skuleelev.

## Topp moderne anlegg

Vi tilbyr faget toppidrett henta frå utdanningsprogram for idrettsfag, dvs 15 skuletimar fordelt over 3 år og blir ein del av eleven sitt fagval. Timane vil stå på vitnemålet. I praksis vil det seie 2 lengre økter kvar veke der det topp moderne anlegget på Dombås med snøkanonar, elektroniske skiver og ny rulleskiløype står til disposisjon. Skolen har dessutan 2 lasersystem for skytetrening.

## Søknad og inntak

Søknad sender du på vanleg måte gjennom VIGO. Programfaget toppidrett krev at ein MÅ drive organisert aktivitet og konkurrere i idretten. Dersom du tek kontakt med skulen, kan vi sjå nærare på korleis vi best mogleg kan leggja til rette for deg.

Nord Gudbrandsdal vgs. avd.  
Hjerleid  
2662 DOVRE  
Telefon: 61242330  
E-post: [hjerleid.vgs@oppland.org](mailto:hjerleid.vgs@oppland.org)



Tora Berger som vann OL-gull i 2010, vil hjelpe til med skytetrening i løpet av hausten. Tidlegare landslagsløpar i skiskyting, Ivar Michal Ulekleiv, er engasjert som fast trenar.

Møte med noverande elevar som har toppidrett skiskyting og som allereie har prestert bra i nasjonale konkurransar i fleire år.

Erlend Sverdrup: “Eg valde toppidrett ved Nord-Gudbrandsdal vgs avd. Hjerleid fordi eg kan kombinere satsing på skiskyting med utdanning. Tilbodet om å kunne trene mykje i skuletida og samstundes få god oppfølging på den grunnleggjande treninga, var viktig. Dessutan slapp eg å flytte på hybel da skulen er i nærleiken av der eg bur”.



Øystein Ulekleiv: “Eg valde toppidrett ved Nord-Gudbrandsdal vgs avd. Hjerleid fordi skulen ikkje er langt unna eitt av dei beste skiskyttaranlegga i landet. Ikkje minst kan eg framleis bu heime. Skulen har dessutan lagt godt til rette slik at vi kan trene i skuletida. Vi får tildømes nytte både gym- og toppidrettstimar til å trene på eiehand. Eit anna pluss er at skulen har skytelaserar som vi nyttar innandørs når det er for kaldt til å trene ute”.



Yngve Carlson Gråberg: “ Eg ynskjer å kombinere skulegang med å bu heime. Mange reiser ut for å gå på idrettsliner langt frå heimplassen, men eg vil altså satse på skiskyting i heimkommuna. Grunnen er at eg har flinke trenarar som støtter meg og som eg vil vidareføre samarbeidet med. Resultata så langt viser at det er den rette vegen å gå. Eg har gjort det bra både i langrenn og skiskyting, men sidan det har gått best i skiskyting, satsar eg mest på det.



### Kontaktpersoner på skolen:

Faglærer Bård Ove Øyen

tlf: 61242330

e-post: [bard.ove.oyen@ansatt.opplandvgs.no](mailto:bard.ove.oyen@ansatt.opplandvgs.no)

Ski- og skyttetrenar: Ivar Michal Ulekleiv

tlf: 91737689

e-post: [ivar.ulekleiv@ventelo.net](mailto:ivar.ulekleiv@ventelo.net)

